



KUNST I SELJORD



Seljord har alltid vore ein stad kunstnarar har strøymd til for å få inspirasjon. I sentrum finn vi kunstinstallasjonar frå mange kunstnerar frå fjern og nær.

Vi håpar du vil bli betre kjent med seljord og kunsten



NYKEL OG ORM GUNNAR TORVUND

Gunnar Torvud er ein kunstnar som eksprimenterer i matrialar, fargar og element. Han er svært opptatt av det synlege i det usynlege. I 2012 laga han to skulpturar til den aktivitetsparken i Seljord, ette skulle vere brukskunst, noko som ikkje vert øydelagt. Til venstre ser vi nykelen som er plassert foran Seljord ungdomsskule. Den kan vere eit symbol på kunnskap, eller ein nykel som opnar nye dører og nye moglegheitar. Ormen er plassert utanfor Barneskulen og er sjølvsgt inspirert av sjøormen Selma. Den svingar seg lett og leikent ute på skuleplassen, og blir stadig bruka som samlingsplass.



AUSTAFOR SOL OG VESTAFOR MÅNE SIGRUN GRØSTAD UTFØRT AV THORILD GRØSTAD

Desse skulpturane byggjer på folkeeventyret Austafor sol og vestafor måne. Det er tre forskjellige element i denne skulpturen. Vi har dei mørke spisse blada med kopar på toppen som viser styrke og aggresjon. Deretter har vi den mjuke forma Månen, der ein finn ei behageleg ro, men ei kjensle av at ting ikkje er fullkomne. Det siste elementet i skulpturen er blomen, den er høg og kvit og opnar seg mot himmelen. Denne skulpturen kan på mange måtar minne om ein prosess der utviklinga mot heilskap og samanheng er i fokus. Blomen har dei to tunge og mørke elementa bak seg og strekker seg nå mot himmelen i stoltheit.



DRONNING ELLEN GRØSTAD BARSTAD

Dette er ein fin og mektig skulptur laga av iddefjordgranitt og stål. Den er plassert på Nesbukti pleie og omsorgssenter i Seljord. Den kan være trøyst for dei som har mista nokon, eller noko som kan leie ut i ei anna verd. Skulpturen gjev ein følelse av trygghet og styrke, med den harde steinen og mjuke bevegelesane.



INN I MARIT LYCKANDER

Marit Lyckander ei ein kunstnar som jobbar mykje mot det kroppslege. Inn I er ein del av ein serie der ho har gått inn i steinen, blitt ein med steinen, og laga seg rom. Denne skulpturen kan tolkast som ein overgang til noko nytt, som ein portal til nye opplevingar.





HERREMANNSBAUTAEN

Hermannsbautaen er eit minnesmerke for å heidre dei herremenn frå Seljord som tjente landet sitt i ufredsåra 1807-1814. Det var om lag 115 mann frå Seljord, 81 frå flatdal og 93 frå Åmotsdal.

Hermannsbautaen blei avduka 14. august 1914.




RÅDYR SKULE WAKSVIK

Skule Waksvik er kjent for å fremstille dyr. Dette gjer han for at det moderne menneske skal behalde kontakten med naturen vi kjem frå.



MAGNUS BROSTRUP LANSTAD ANNE GRIMDALEN

Magnus Brostrup Landstad var ein norsk prest, salmediktar, folkeminnesamlar og salmebokutgjevar. Magnus vart født i Måsøy, flytta til Vinje i 1811, og deretter til Seljord i 1819 saman med sin far Hans Landstad. I 1839 overtok han prestekallet i Seljord. Magnus reiste rundt omkring med både kone og tolv barn, og i 1870 fekk han tildelt St. Olavs Orden. Magnus har gjort seg svært bemerkta som salmediktar og folkeminnesamlar.



VIGGO ULLMANN GUNNAR UTSUND

Johan Christian Viggo Ullmann (født 21. desember 1848, død 30. august 1910) var ein norsk pedagog og Venstre-politikar fødd i Kristiania. Han var svært aktiv innan poletikken og har hatt politiske verv som blant anna leiar av venstre, og stortingsrepresentant. Han sto også for etableringa av Stortingets fredsforeining. Folkehøgskulen i Seljord er Viggo sitt verk, og han arbeidde mykje for ei meir yrkesfageleg opplæring. I denne perioden var han også redaktør i Varden.





DELSOBILEN PEDRO DELSO

Pedro Delso var ein spansk målar som i periodar budde i Flatdal. Han er mannen bak triangulismen, og var ein hardtarbeidande kunstnar som alltid jobba med å finne moglegheiter. Delsobilen er eit produkt av Pedro Delso sin kreativitet og evenen til å bruke gamle ting for å skape noko nytt.



JA-BENK HANNE TYRMI

Denne benken er ein benk for kjærastar og par, der dei kan sitte tett i lag. Benken er sett opp på ein gammal møteplass i Seljord og er laga som ein mann og ei kvinne som står og kikkar kvarandre djupt inn i augo.





BØLGJE
PHILLIP DOMMEN

Dette er ein skulptur som skal utrykke den dugnadsånden som finnast i Seljord. Den har to delar, den raude sendaren som tar opp krafta frå bakken, og den blå mottakaren som står og mottar dugnadskrafta. Ein kan tenke seg at dette er ei kraft som går i bølgjer, den kjem upp av jordrda her i seljord, for så å gå ned igjen i bakken og bli sendt viare til ein anna stad.



TUFT
13 NORDISKE BILETHOGGARAR

Sommaren 1990 samla Seljord kunstforum 17 nordiske skulptørar på Nes i Seljord. Planen var å gje dei forskjellige kunstnarane ein mulighet til å samarbeide om eit prosjekt utan at dei skulle miste sin eigne kunstneriske karakter. På utsida er denne skulpturen hard og solid, men gjennom dei rette, og rektangulære formene kan ein få eit glimt av kva som skjuler seg på innsida. Om sommaren feirar «Tuft» lyset som gjev alle ting moglegheita til å leve og, om vinteren representerer den at alt som er, alt som aldri døyr.





FLYMINNESMERKET ELLEN GRØSTAD BARSTAD

Dette er ein skulptur for å minnast dei 12 unge amerikanarane som mista livet i flystyrten på Skorve i 1944. Den vart laga til 50 årsmarkeringa i 1994, og står utanfor kulturhuset i Seljord. minnesmerket er laga av granitt og rustfritt stål, og skal forestille ein flyvenge.



KYR TRYGVE BARSTAD

Dette er ein type skulptur som ikkje har noko djup meining, men er ein vegvisar inn til sentrum. Når ein kjører langs E134 og ser denne skulpturen veit ein at ein er i Seljord. Den er laga av store plater med vassfast finer og montert på stabile stålkonstruksjonar.





IN TO THE LANDSCAPE

32 studentar frå Master of Landscape Design of Politecnico di Milano, the Master of Interior Design of NABA og 6 scenografistudentar frå scenekunstakademiet i Fredikstad, Høgskulen i Østfold kom til Seljord 24.09.09 for å vera med på workshopen "Into the Landscape". Studentane budde i campinghytter på Bjørgesanden ved Seljordsvatnet. Det var òg med 4 professorar frå Milano.

Studentane fekk innføring i kulturbasert stadutvikling, prosjektet Seljord og sogene, saga om Sjøormen, arkitektur, design og kunst knytt til installasjon i landskapet. Studentane var på synfaring på dei tre stadane, dei teikna og designa og bygde installasjonane. Alt skjedde på 10 dagar.



SELJORD OG SOGENE KIKKESKÅP

Seljord kan hauste av ein av landet sine rikaste og mest levande folkemusikk- og folkekunsttradisjonar. Mykje av det som i dag blir rekna som nasjonal kulturarv og ikkje minst det ein reknar for rotekte "norskt", finn ein opphavet til her, m.a. eventyr, byggeskikk, klesdrakter, folkekunst, segn og soger.

Prosjektet "Seljord og sogene" har sett opp åtte skulpturelle "kikkeskåp" i stein står ute i landskapet på stader som er knytt til utvalde soger om lokale kvinneskikkelsar. Feller for dei alle er at det er feleslåttar knytt til sogene. På kvart kikkeskåp er det oppført eit telefonnummer til sogemobilen der du kan få høyre saga og slåtten. Gjennom kikkeskåpa får ein på den måten ei reise inn i landskapet og i saga

for å sjå fleire kikkeskåp og sjå meir av prosjekter In to the landskape, besøk www.seljordportalen.no



FOTO OG DESIGN

Sindre Bakkåker og Malin Aarhus

TEKST

Sindre Bakkåker og Malin Aarhus

TAKK TIL

Thorild Grøstad, Seljord Kommune og Møtestad Seljord

UsingMediaUB

www.facebook.com/usingmediaub
malin.aao@hotmail.com / 41375458